



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Norges vassdrags- og energidirektorat

Innsending av høringsuttalelse

Dato sendt: 01.12.2025 / 22:57
Avsender: 19127037933-KRÅKEVIK BÅRD
Mottaker: Norges vassdrags- og energidirektorat
Referansenummer: 04ae857b9393

Kontaktinformasjon

Fornavn

BÅRD

Etternavn

KRÅKEVIK

Mobilnummer

92403535

E-postadresse

bardkrakevik@hotmail.com

Er søker et selskap under stiftelse (SUS)?

Nei

Saksopplysninger

Sakstittel

Selselva kraftverk - økt slukeevne og regulering av Selsvatnet

Skriv inn høringsuttalelse

Fråsegn til søknad Selselva kraftverk - auka slukeevne og regulering av Selsvatnet

Selselva kraftverk er eit av dei 1420 småkraftverka (tal frå nrk.no sin reportasje i vår) som er i drift i Noreg. Dei aller fleste av desse er bygde dei siste 20 åra. Det seier seg sjølv at dette er ein enorm negativ påverknad på vassdragsnaturen i landet vårt.

Me har sett fleire søknader om regulering av fjellvatn som ligg ovanfor inntaket til allereie bygde småkraftverk. Desse vatna kan liggja langt ovanfor inntaket til småkraftverket. Eg stiller meg undrande til at dette er mogleg å søkja om, i og med det veldige tal på småkraftverk som har vorte bygde på så kort tid. Vert slike søknader gitt konsesjon, vil det bandlegga langt større naturområder til kraftproduksjon. Ynskje er å forsyna seg av fjellnaturen i tillegg til landskapet langs fjordsidene, der store deler av vassdragsnaturen i dag er bygd ut. Mange fjordområder har i dag knapt ei einaste elv som renn fritt frå tregrensa og ned i fjorden. På Folgefonnshalvøya i Hardanger er det i dag rundt 70 småkraftverk. Denne realiteten har overraskande nok gitt lite merksemd i media. NVE er kanskje dei einaste som er fullt bevisst om denne enorme påverknaden på elvenaturen. Skal ein opna for at småkraftverka også skal kunne ta for seg av naturen høgare oppe, inne i fjellnaturen, seier det seg sjølv at den veldige negative skaden på vassdragsnaturen vil auka i stort omfang.

Til slike søknader må ein óg spørja seg om ikkje det er ganske innlysande at den opphavlege konsesjonssøknden til småkraftverket ville fått avslag dersom den innebar regulering av fjellvatn høgare oppe i landskapet, slik denne utvidingssøknaden av Selselva kraftverk gjer.

Konsesjonssøknaden skal vurdera samfunnsnytte, naturtap opp i mot auka straumproduksjon. Ofte vert inntekter til lokalsamfunnet ført opp som viktig argument. Då er det i alle fall verdt å vita at ein storpart av småkraftverka i dag er eigde av investeringsfond og liknande finansieringskjelder i utlandet. Kwart enkelt småkraftverka er organisert som eit aksjeselskap, og her eig ulike utanlandske aktørar storedelen av aksjane. Ein del er eigne av firma som Småkraft, Norsk Vannkraft og Clemens kraft. Men desse firmene som brukte mykje argumentasjon på å visa at dei var norskeigde, er i dag eigde av utanlandske investorar og fond. Obos Energi var norsk, men vart selt av Obos til utlandet i 2020. I Clemens kraft er enno 50 % norskeigd, men halvparten er utanlandsk eigd gjennom fusjon med Ubs Switzerland Ag. Dette må ha noko å seia når argumentet om lokal verdiskaping vert vurdert i det samfunnsøkonomiske rekneskapet.

Elles er det viktig å vera klar over at skituren austanfrå, forbi Kvamshesten og vestover over Blægja, er ein godt kjend skitur for dei som driv med fjellskilauping i Noreg. Inngrep i dette området, slik konsesjonssøknaden legg opp til, vil skada dette verdfulle og ganske så unike området i svært stor grad.

Helsing

Bård Kråkevik

Last opp vedlegg

Du har ikke lagt inn informasjon her

Saksopplysninger

Sakstittel

Selselva kraftverk - økt slukeevne og regulering av Selsvatnet

Skriv inn høringsuttalelse

Fråsegn til søknad Selselva kraftverk - auka slukeevne og regulering av Selsvatnet

Selselva kraftverk er eit av dei 1420 småkraftverka (tal frå nrk.no sin reportasje i vår) som er i drift i Noreg. Dei aller fleste av desse er bygde dei siste 20 åra. Det seier seg sjølv at dette er ein enorm negativ påverknad på vassdragsnaturen i landet vårt.

Me har sett fleire søknader om regulering av fjellvatn som ligg ovanfor inntaket til allereie bygde småkraftverk. Desse vatna kan liggja langt ovanfor inntaket til småkraftverket. Eg stiller meg undrande til at dette er mogleg å søkja om, i og med det veldige tal på småkraftverk som har vorte bygde på så kort tid. Vert slike søknader gitt konsesjon, vil det bandlegga langt større naturområder til kraftproduksjon. Ynskje er å forsyna seg av fjellnaturen i tillegg til landskapet langs fjordsidene, der store deler av vassdragsnaturen i dag er bygd ut. Mange fjordområder har i dag knapt ei einaste elv som renn fritt frå tregrensa og ned i fjorden. På Folgefonnshalvøya i Hardanger er det i dag rundt 70 småkraftverk. Denne realiteten har overraskande nok gitt lite merksemd i media. NVE er kanskje dei einaste som er fullt bevisst om denne enorme påverknaden på elvenaturen. Skal ein opna for at småkraftverka også skal kunne ta for seg av naturen høgare oppe, inne i fjellnaturen, seier det seg sjølv at den veldige negative skaden på vassdragsnaturen vil auka i stort omfang.

Til slike søknader må ein óg spørja seg om ikkje det er ganske innlysande at den opphavlege konsesjonssøknaden til småkraftverket ville fått avslag dersom den innebar regulering av fjellvatn høgare oppe i landskapet, slik denne utvidingssøknaden av Selselva kraftverk gjer.

Konsesjonssøknaden skal vurdere samfunnsnytte, naturtap opp i mot auka straumproduksjon. Ofte vert inntekter til lokalsamfunnet ført opp som viktig argument. Då er det i alle fall verdt å vita at ein storpart av småkraftverka i dag er eigde av investeringsfond og liknande finansieringskjelder i utlandet. Kvart enkelt småkraftverka er organisert som eit aksjeselskap, og her eig ulike utanlandske aktørar storedelen av aksjane. Ein del er eigne av firma som Småkraft, Norsk Vannkraft og Clemens kraft. Men desse firmene som brukte mykje argumentasjon på å visa at dei var norskeigde, er i dag eigde av utanlandske investorar og fond. Obos Energi var norsk, men vart selt av Obos til utlandet i 2020. I Clemens kraft er enno 50 % norskeigd, men halvparten er utanlandsk eigd gjennom fusjon med Ubs Switzerland Ag. Dette må ha noko å seia når argumentet om lokal verdiskaping vert vurdert i det samfunnsøkonomiske rekneskapet.

Elles er det viktig å vera klar over at skituren austanfrå, forbi Kvamshesten og vestover over Blægja, er ein godt kjend skitur for dei som driv med fjellskilauping i Noreg. Inngrep i dette området, slik konsesjonssøknaden legg opp til, vil skada dette verdfulle og ganske så unike området i svært stor grad.

Helsing

Bård Kråkevik

Last opp vedlegg

- Ferdig høringsuttalelse (.pdf)
- Bilder og kart
- Annen relevant informasjon

Du har ikke lagt inn informasjon her